

Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

Nr. 2 - mai 2005



*Det er 100 år sidan Norge
vart eit fritt land
og løyst frå unionen med Sverige.
Som stortingsmann var
lensmann Magne Jonsson Rongved
frå Osterøy midt opp i hendingane.
Rongved var stortingsrepresentant
frå 1903 til 1906. Han er gravlagd
på Gjerstad.*

Ved.
Olav Meltvik



Fin vår i jubileumsåret

Når dette vert skrive 28. april, hev me sol og stille ver. Slik hev me hatt det i mange dagar, og slik var påskehelga og.

Bjørka står vårrgrøn og fin i liene og i utkantane av bøen. I hagen står plommetrea i full blom og lyser opp. Påskeliljer og tulipanar og pinseliljer pyntar opp og gjer trivnaden endå betre, der me er mest mogleg ute og driv med vårarbeid i hagen og på bøane.

Bjørka hev vorte grøn før 1. mai i fleire år no, så her må vera ei klimaendring. Eg hugsar mange vårar me måtte ha bjørka inne for å få den grøn til 17. mai pyntinga.

Fuglesongen skrev eg om i fjor, og den er like livleg og triveleg å høyra på i år. Bjølleklang og spretne lam ute i bakkane høyrer og med på fine vårdagar.

Så er det jubilea då. 60 år sidan glededagen 8. mai 1945. Frie etter 5 år med krig og framandvelde. Fare for liv og helse, rasjonering og elende. Den jublante 17. maifeiringa den våren gløymer me aldri me som fekk oppleva dette.

Så er det 100 år sidan unionsoppløysinga frå Sverige. Det er vel ingen no som hugsar då dette hende. Men eg fekk høyra av mor og far om spaninga omkring dette, og om diskusjonar folk i mellom.

100 år som sjølvstendig nasjon er verd å feira i takksemd til dei som valde dette, og takk til vår Gud som held si vernande hand over oss. Og ikkje å gløyma pinsehelga som kjem tett før 17. mai i år.

Det var då lærersveinane fekk den heilage ande. Me hev då i truvedkjenniga vår at "Me trur på den heilage ande" og den er framleis levande mellom oss. Eg las ein gong i ei gamal preikebok m.a. at når me hadde gjort noko gale så var det Den heilage ande som gjennom tankane våre minna oss om dette, og fekk oss til å be om tilgjeving.

" Den heilage ande vert verande hjå dykk og skal vera i dykk " sa Jesus. Den heilage ande skal verka i oss slik at me søker til Gud og til Jesus Kristus. Anden er sjølv med og bed for oss og kveikjer oss.

Vekst i kristenlivet

Eg meiner ikkje at eg alt har nått det eller alt er fullkommen, men eg jagar mot det for å gripe det av di eg sjølv er gripen av Kristus Jesus. (Fil 3,12-13)

Etter ein tung og mørk vinter, er det velsigna godt å konstatera at våren er kome med ”vårsol og song i skogen”. Det er noko spesielt med denne årstida fordi den minner oss om det underet som skjer i naturen –som songaren uttrykker så vakkert- : Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord og etter som eit under nytt liv av daude gror”.

Som kristne har vi fått eit nytt liv i Kristus og våren er tida vi skal finne ut om dette utviklar seg på ein god måte. Paulus var ikkje fullkommen , men seier at han” tøyser seg mot det som er framanfor”. I min ungdom kom eg i samtale med ein eldre mann som meinte at vi kristne trudde vi var betre enn andre. Det er trist at einskilde personar skal ha ei slik misoppfatning av oss kristne. Vi er ikkje betre enn andre, tvert imot , vi trur på Jesus fordi vi ikkje kan klare oss i livet aleine. At vi ikkje alltid klarer å leve som kvardagskristne , må ein vedgå , men vi vil så gjerne utvikla oss som kristne –jage mot det å bli ” gripen av Kristus Jesus ”.

Kva er så kjenteikna på ein kristen i vekst ?

Ein kristen må ha sine livsrøtter i Kristus. Johannes seier: ”Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, såleis kan de heller ikkje bera frukt utan de er i meg. Ein kristen må altså sokja næring i Guds ord, vera saman med andre truande og elles tenkje gjennom kva det vil seja å leve i livssamfunn med Jesus.

Eit anna kjenneteikn på ein kristen i vekst er at vi vurderer rett.

Paulus hadde mykje han kunne rose seg av som menneske , men så møtte han Jesus og då bleikna alt anna. Det som blei sentralt for han var dette: ” For meg er livet Kristus og døden ei vinning.” Kristus var så dyrbar for han at alt anna tapte verdi- også dei tinga som hadde stor verdi for dette livet. Så snart som ein kristen stagnerer i sin vekst, blir det stort som i Guds augo har liten verdi og dei ” himmelske skattar taper glans ”. Vi kan vera opptekne av mange ting så lenge som vi heile tida justerer vår kurs i forhold til Bibelen.

Lat dykk ikkje rive med og føra vilt av menneske som ikkje har noko å halda seg til. De skal veksa i nåden og kjennskapen til vår Herre og frelsar Jesus Kristus (2.Pet. 3,17-18)

Alf R. Kallestein

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Sekretær	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Anne Mari Persen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

En vanlig søndag i New Orleans

Av Einar J.Selvik

Når jeg sitter her på Haus og tenker tilbake på alt det jeg har opplevd gjennom et langt liv, er det en ting som slår meg ; hvor lite flinke vi nordmenn er å helligholde hviledagen, i hvertfall i forhold til for eksempel U S A. Søndagen var viet familien og Gud. I New Orleans med sitt varme klima så å si hele året var dagen stort sett som følger : Samlet familiefrokost , på med finklerne og så bar det til kirken, hver til sin menighet. Etter gudstjenesten var det hjem og bytte til lett fritidstøy, pakke picknick- kurv, hive seg i bilen og dra på tur.

Søndagen på kjerka i New Orleans startet egentlig lørdag. Da var det å besøke alle båtene av skandinavisk herkomst som lå på havna og invitere til gudstjeneste kl. 11, med ridetur etterpå. Deretter var det å kjøpe inn biffer, pariserloff og salat. Biffene ble så lagt i marinade, salaten gjort ferdig og satt til kjøling natten over. Tidlig søndag morgen var det å dra rundt på havna i alt som fantes av minibusser og hente alle som ville være med. Selve gudstjenesten var et kapittel for seg. De årene jeg var der borte, var det sjeldent der var under 250 mennesker til stede. Det var helt fantastisk når man vet at den norske kolonien besto av ca. 200 mennesker i tillegg til sjøfolkene. Jeg har lurt på hvorfor vi er så lite flinke her i Norge til å besøke Guds hus på søndagen. Er det fordi vi har det så trygt og godt her hjemme på berget og derfor skyver Gud i bakgrunnen ? Han er liksom god å ha i bakhånd, men ikke akkurat nu, eller finnes det andre årsaker ?

Nok om det! Etter gudstjenesten var det å bytte til cowboyantrekk og skrape

sammen det som fantes av rullende kjøretøy og begi seg over grensen til Mississippi til en ranch som sjømannskirken hadde kontakt med, og hvor man kunne leie hester. En søndag jeg var med husker jeg av vi var 108 personer med stort og smått som dro ut på ”prærien”, noen hadde aldri i sitt liv sittet på ryggen av en hest. Det var litt av en åsgårdssrei som la av gårde. Heldigvis var der drevne cowboyer med, så jeg har aldri hørt om alvorlige ulykker. Selvfølgelig var der en og annen som ble både gul og blå etter et ublidt møte med moder jord, og utallige såre rumper etter et par timer på hesteryggen. Etter turen var det å komme til ”duk og dekket bord” bokstavelig talt, for mens gjengen var ute og red hadde den trofaste og utrettelige kirkegjengen fyrt opp griller, skåret brød, steikt verdens mørreste og beste biffer. Det var bare å sette seg til bords, hive innpå og skylle maten ned med norsk iskald Solo spesialimportert til sjømannskirken direkte fra heimlandet. Det var bare å la Cola være Cola og nyte Soloen. Det var liksom smaklig hilsen fra ”gamlelandet”. Etter turen bar det kanskje innom ”cowboysjapper” og kjøpe stetsonhattar, cowboybelter med navnet på og ekte cowboystøvler. Der vart til og med de som kjøpte cowboysadler og ekte lassoer og tok med seg hjem.

Vel tilbake i kjerka var det godt å få seg en dusj og forfriskende svømmetur i kjerkas herlige basseng, for merkelig nok ; tilbake i ”sivilisasjonen” merket vi plutselig at det var umisskjennelig og ganske påtrengende stank av hest, noe det var godt å bli kvitt. Om kvelden startet det med aftensang i kirkerommet, etterfulgt av

kosekveld med kaffe og de berømte sjømannskirkevaflene. Når det nærmet seg midnatt var det å kjøre sjøfolkene tilbake til de respektive båtene, avtale henting neste dag for de som fortsatt var i havn neste dag, eller ønske farvel og Guds fred til de som skulle dra i løpet av natten eller neste morgen.

Tilbake på kjerka var det å vaske opp og rydde og gjøre klart til neste dag. Klokken ble kanskje både 01 og 02 før hvilen innfant seg.

Jeg har en nesegrus beundring for de menneskene som velger å vie en stor del av sitt liv til å hjelpe og bistå nordmenn i utlandet. En ting er i alle fall sikkert. Det er ikke for pengene sin skyld de gjør det.

Jeg vil avslutte denne lille epistel med sjømannskirkens spesielle forbønn for alle farende på havet:

*Elige allmektige Gud !
Du som stller stormen og
baner vei gjennom bølgene,
vi ber deg, bevar dem som
ferdes på havet, og før dem
frelst ut av alle fristelser og
farer på sjø og land. Send
dem ditt hellige ord om frelse
fra synd og død, og la det
salige håp om evig liv lyse
for dem, hvor de farer og lede
dem til den eneste trygge havn.
Styr deres skip i storm og
stille, hold dem oppe når
de er i havsnød, vær dem
nær med din nåde i deres
siste strid! Drag deres hjerter
til hjemmet her på jorden
og til det evige hjem i himmelen,
hvor du av din store nåde
vil samle oss når alle stormer
stilner for Jesus Krist, vår
Herres skyld !
Amen !*

Kyrkja og 2005-markeringa: Lat idéane blomstre!

Neppe tidlegare hadde kyrkjene her i landet vore så godt besøkt som denne søndagen i juni. Året var 1905, og det var pinsedag. Eit uvanleg alvor kvilte over forsamlingane. Så var det då også ei uvanleg gudsteneste. Fire dagar tidlegare - den 7. juni - hadde Stortinget samrøystes gjort vedtak om at sambandet med Sverige under éin konge var opplyst.

Slik ordlegg professor Gro Hagemann seg i artikkelen «Ut av unionen» i Aschehougs Norgeshistorie, bind 9. Artikkelen kastar eit interessant lys over kyrkja si rolle i ei dramatisk tid for landet vårt. Den gongen var kyrkja etter alt å døma den mest effektive kommunikasjonskanal i samband med slike nasjonale hendingar.

- I dag, 100 år etter, er situasjonen ein annan, men framleis er det ei naturleg oppgåve for kyrkja å gi rom for ettertanke og refleksjon om tydinga av slike viktige nasjonale hendingar.

Komitén som har ansvaret for det nasjonale programmet, NORGE 2005 AS, har valgt å leggja den gudstenestelege markeringa til 12. juni som er 4. søndag etter pinse, opplyser seniorprest Thorvald Kolshus. Han er prosjektleiar for den norske kyrkja sitt engagement i samband med markeringa av 100-årsminnet for unionsoppløysinga. Kolshus er særleg opptekne av at det ikkje berre nasjonalt og regionalt, men også i lokalsamfunna rundt om i landet kan verta markeringer som kan gi ein spegel av livet gjennom desse 100 åra. Her har

kyrkja ein eineståande sjanse gjennom sitt nettverk. Slik Kolshus ser det frå Den norske kyrkja si side, er det ønskjeleg at det som skjer på lokalplanet i kyrkjelydane, også bør vera økumenisk og tverrkulturelt, eventuelt også tverr-religiøst der ein er samnde om dette.

- Det kyrkja er best på, er jo naturlegvis gudstenestefeiring, understrekar Kolshus.

- Difor bør den kyrkjelege hovudmarkeringa lokalt knyttast til gudstenesta 12. juni. Kyrkjerådet har fastsett ein eigen preiktekst for denne dagen. Luk. 15, 1-10. Denne handlar om to likningar, om den eine sauens og dei niognitti og mynten som vart funne. Dessutan vil det verta laga eigne innleiings- og forbønsteckstar, fortel han.

I tillegg til gudstenestefeiringa kan ein også tenkja seg at fleire andre moglege markeringar i lokalsamfunna. Dette er markeringar som kan finna stad gjennom heile 2005. Frå sentralt kyrkjeald er det gjort framlegg om ei rekke lokale og andre tiltak frå dei lokale kyrkjelydane si side som ein lyt vurdera:

- Skuleprosjekt i samarbeid med lokale grunnskular med innlagt kyrkjebesøk. Kyrkjehuset har ei sentral rolle som møtestad for gudstenester, utstilligar, lokalhistoriske markeringar, konsertar og miljøskapande samvar.
- Dei lokale kyrkjelydane med naboskap til Sverige, svenske kyrkjelydar eller andre samband med Sverige er oppfordra til å arrangere tovegsbesøk, gjestespel, markering av historiske hendingar eller fellesarrangement, særleg for born og unge.

- Ungdomsgrupper, speidalar, songgrupper og liknande vert utfordra til å ta årets sommarturné eller leiropphald i Sverige, helst i kontakt med med tilsvarande svensk gruppe.
 - Samarbeid med lokale personar med tett samband til arrangement som vert lagt til kyrkja.
 - Skipa god kontakt med lokalavisar og kyrkjelydsblad - gjerne gjennom samarbeid på prostiplan.
 - Om andre typar lokal-jubilé eller spesielle arrangement er planlagt, kan 2005-markeringa i dei fleste tilfelle verta innarbeidd i desse og gjeira folk meir medvitne både om den historiske og notidige tydinga av kyrkja si rolle.
- Let ideane blomstre! er utfordringa frå prosjektleiar Thorvald Kolshus.





Velkommen til kyrkja

Pinsedag, 15. mai 2005: Joh 14,23-29

Bruvik kl. 11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Kateket Mia Krüger . Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hosanger kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Normisjon.

Andre pinsedag, 16. mai 2005: Joh 3,16-21

Hamre kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste. Skeie. Melve. Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
-----------------	---

17. mai (Grunnlovsdag), 17. mai 2005:

Luk 1,50-53

Hamre kl. 10.00	Festgudsteneste. Skeie. Takkoffer til NKSS (Norges kristelige student- og skuleungdomslag)
Gjerstad kl. 10.00	Festgudsteneste.Melve. Osterøy Janitsjar spelar. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Bruvik kl. 11.00	Festgudsteneste. Vikarprest Per Arne Mehren. Takkoffer til Redd barna.
Hosanger kl. 12.00	Festgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Redd barna
Haus kl. 12.00	Festgudsteneste. Melve. Haus musikklag spelar. Takkoffer til kyrkjelyds- arbeidet

22.mai Treeiningssundag. Joh.3,1-15

Gjerstad kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Dåp Nattverd. Takkoffer til Nordhordland indremisjon.
--------------------	--

29.mai 2.sundag etter pinse. Luk.16,19-31.

Raknestunet.	Familiegudsteneste. Skeie. Sundagsskuleavslutning for alle.
Haus kl.19.00.	Gudsteneste. Skeie. Nattverd.

5.juni 3.sundag etter pinse. Luk14,16-24.

Hamre kl.11.00.	Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd. Takkoffer til KRIK.
Hosanger kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Natt- verd. Takkoffer til Frivillighetssentralen.
Gjerstad kl.19.00.	Lovsongskveld.

12.juni 4.sundag etter pinse. Hos.14,2-5.

Gjerstad kl.11.00.	Familiegudsteneste. Melve. Dåp. Utdeling til 1.klas- singane. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi /saft.
Vassdal skule kl.19.00	Gudsteneste. Melve. Kyrkjekaffi

19.juni 5.sundag etter pinse.Matt.7,1-15.

Haus kl.11.00.	Familiegudsteneste. Melve Takkoffer til kyrkjelyds- arbeidet. Grillfest i preste- gardshagen etterpå.
Kosdalen kl.12 .00	Friluftsgudsteneste. Skeie.

26.juni 6.sundag etter pinse. Aposteldagen.

<u>Luk.5,1-11.</u>	
Hamre kl.11.00.	Høgmesse. Skeie. Natt- verd. Takkoffer til NLM (Norsk luthersk misjonssamband)

3.juli 7.sundag etter pinse. Matt.5,20-26.

Gjerstad kl.11.00.	Høgmesse.Skeie. Nattverd. Takkoffer
--------------------	--

Kyrkjekyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

Kyrkjekyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast
pr. telefon:
Berit Torp 56 39 03 59
Einar Johnny Selvik
98 06 48 54
Sigrid Mjelde
56 39 01 04

Kyrkjekyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskesteth
tlf. 56 39 18 21
Otto Mo tlf. 56 39 19 42

Familie-nytt



BRUVIK

Døypte:

28.03. Magnus Nikolai Vik
17.04. Runar Høylo Trefall

HAUS

Døypte:

20.02. Stian Steinsland Pedersen

Gravlagde:

01.03. Einar Tennebekk (f. 1929)
12.04. Britanna Åsheim (f. 1912)

GJERSTAD

Døypte:

06.03. Anneli Mathilde Heimdal Teigland
20.03. Emilia Småland Solberg (døypt i Hamre kyrkje)
20.03. Victoria Gundersen (døypt i Hamre kyrkje)
20.03. André Mjøs Tangerås (døypt i Hamre kyrkje)
27.03. Anna Helle
10.04. Mathias Daltveit Devik (døypt i Hamre kyrkje)
17.04. Arnstein Winther Lone

Gravlagde:

03.03 Monrad Nikolai Birkeland (f. 1910)
15.03. Anna Hagebø (f. 1912)

DÅP

Det høver med dåp
desse dagane:

Haus 19/6
Gjerstad 12/6
Hamre 5/6
Hosanger 15/5 og 5/6

05.04. Karolina Løtveit (f. 1912)

13.04. Astrid Mæle (f. 1940)

15.04. Anna Mjelde (f. 1912)

19.04. Kirsten Marie Lohne (F. 1914)

22.04. Anna Oddny Hatland (f. 1925)

HAMRE

Døypte:

10.04. Mathilde Vedå
10.04. Finn Fossdal Århus
10.04. Ragnhild Hoel Århus
10.04. Gisle Hoel Århus

Vigde:

19.03. Sharmila Nitroer og Svein Hustrulid
19.03. Karin Markussen og Eilev Husebø

Gravlagde:

25.02. Olaug Marie Børteit (f. 1945)
17.03. Ole E. Mjelstad (f. 1916)
23.03. Margun Skjerpning (f. 1941)

HOSANGER

Døypte:

28.03. Lukas Bysheim Isvik

Gravlagde:

03.11.04 Kristina Nonås (f. 2004)
18.03.05 Inger Bernes (f. 1911)
22.03.05 Bjørg Hole (f. 1938)
21.04.05 Erna Grimstad (f. 1915)

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.

Min salme

frå Ove Fosmark

I siste nr. vart Ove Fosmark utfordra av Aksel Solberg.

Han skriv slik om sin salme :

Det er vanskeleg å velja ut ein spesiell salme framfor mange andre som eg likar. Dette kan også forandra seg etter kva livsfase ein er i.

Som 17 åring møtte eg Jesus og fekk eit heilt nytt liv.

Vinteren etter fekk eg gå på Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug. Denne salmen som eg vil ta fram her var mykje brukt på folkehøgskulen, eg har difor alltid følt ein

nærheit til denne salmen.

Eg har ikkje funne den tonen som me brukte i nokon songbok.

Den vert også kalla Frekhaug sin nasjonalsong. Songen er ” Med Jesus vil eg fara.” Den er skriven av Elias Blix i 1875 og tonen er ein folketone frå Sunnmøre.

Så er det mitt ynskje at desse songversa også må ha rom i ditt hjarta.

Eg vil utfordra Svein Bruvik.

*Med Jesus vil eg fara
på livsens ferd i lag
Gud lat den samferd vara
alt til min døyand dag !
Det er mi høgste æra
det er mi største ros,
hans fygesvein å vera
og vandra i hans ljos.*

*Min Jesus sanningstjerna,
lys opp min mørke veg !
Mitt hjarta vil så gjerna
få fylgja etter deg.
Du lyser enn i verdi
som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljos på ferdi,
til heim til deg eg kjem !*

*Min Jesus, gjevast givnad
min eignalut og skatt !
I all min gang og livnad
meg støtt for auga statt !
Som vesle blomen trugen
ser opp mot sol og dag,
til deg så vender hugen,
til deg kvart andedrag.*

*Min Jesus, Sarons lilja,
bløm fagert opp i meg !
Lat ingen ting meg skilja
og riva bort frå deg !
Du vintre i Guds hage,
min kjære Herre Krist,
unn også meg den lage
å veksa som din kvist!*

*Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vætte,
gav sol og signa år.
Du vil og vokster gjeva
alt til min siste slutt :
Lat meg i deg få leva,
i deg få anda ut !*

Min salme

frå Synnøve Daltveit

Ein fin liten blome

Når eg skulle velge min salme var valget lett, for denne enkle og innholdsrike salmen toner ofte i tankene mine. Den går inn i alle livets situasjoner og særlig for meg som arbeider med gamle og sjuke har denne salmen alltid noe å gi.

Våren er ei sær fin tid der dei første spira syner seg i all sin skrud. Vakkert er det. Dei første vårblopane lyser mot deg og gjev ny kveik og styrke. Han står der så liten og blyg. Ein kjenner seg i slekt med dei, me og er små, men i Guds auga er me dyrebare juvelar. I ein sang av Haldis Reigstad står det :

Hold ut mitt barn, for meg er

du ein dyrebar juvel. Jeg teller alle tårene som renner fra din sjel. Jeg elsker deg, min kjærighet skal fylle deg med sang. Det håpet jeg har kalt deg til skal du få se en gang.

Blomen står der så liten og veik, men har ei verdifull oppgave, slik og med oss. Me er kalla til noe stort, ei oppgave fra dag til dag i det stille. Sjå stort på den oppgåva Herren har gitt deg.

Sjå etter på blomen, han treng ikkje syte for morgondagen. Tenk å få kvile slik i Guds kjærleik og plan. Slik som eg er Herren i nåde til barnet sitt ser. Om synder og tvil det er heile mi æra.

*Ein fin liten blome i skogen eg ser
i granskogen diger og dryg.
Og vent mellom mose og lyng han seg ter
han står der så liten og blyg.*

*Sei ottast du ikkje i skogen stå gøynd
der skuggane tyngja deg må ?
Å nei, for av Heren eg aldri vert gløynd
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg ?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.*

*Eit bod frå min Herre du blome meg ber :
om einsleg eg vert på min veg,
så veit eg at Herren vil vera meg nær,
Gud Fader, han vernar og meg.*

Han er min Frelsar og det vil han vera. Nåden er fri og eg kviler meg der, slik som eg er.

Ja glad skal eg vakna hos Jesus eingong. I morgenen æveleg klår. Og blanda med heilage englar min song I himlen dit døden ei når.

Salmen er skiven i 1890 av ein ukjend svensk forfattar, omsett i 1927 av Anders Hovden. Tonen er laga i 1969 av Bjørn Eidsvåg. Du finn salmen i Norsk salmebok på nr. 493 og i Sangboken på nr. 310.

Eg utfordrar Ingunn Fosse til neste gong.

*Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgen meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær,
i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er,
den høver for vandringa her.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud.*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus ein gong
i morgenen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song
i himlen, dit døden ei når!*

Soknepresten har ordet


Pinse - unødvendig høgtid?

Våren er ei herleg tid. Naturen vaknar til liv, og det spierer og gror. I denne tida kjem pinsefesten. For mange er pinse det same som fridagar, med turar i naturen og avslappande dagar etter ein stresa kvardag. I år kjem 17. mai etter 2. pinsedag, så det vert 3 fridagar. Difor var det framlegg om opne butikkar 2. pinsedag. No er visst det framlegget lagt bort.

Eg tykkjer det spørsmålet vert aktualisert: Er pinse ei unødvendig høgtid? Dersom det viktigaste med pinsen er fridagane, kunne me like gjerne sløyfa heile høgtida. Namnet har i alle høve ikkje noko innhald dersom det viktigaste er fridagane. Ordet pinse tyder 50, den femtiande dagen etter påske. Me feirar pinse til minne om at Den heilage Ande kom til

læresveinane i Jerusalem. Den mest kjende pinsesalmen er: Apostlene satt i Jerusalem og ventet på Herren time (Nos 221). Pinse er Den heilage andes høgtid. Då er pinse heilt nødvendig.

Pinse - ei nødvendig høgtid. Jol, påske og pinse heng saman. Den eine høgtida kan ikkje reduserast utan at heilskapen lid. Bodskapen frå desse høgtidene er til saman med på å visa den viktigaste i den kristne trua. Utan pinse hadde det ikkje vore ei kristen kyrkje. Pinsedag er også kyrkja sin fødselsdag. Den heilage Ande skaper og held oppen tura på Jesus. Ja, ingen kantru utan at Anden skapar tru. Han skaper, kaller og opplyser heile den kristne kyrkja. Utan Anden hadde me vore hjelplause. Men no har me fått



hjelp!

Pinsen er ei nødvendig høgtid!

Velsigna pinsefest - og velkommen til kyrkje!

JM

Søndagsskuleavslutning på Raknestunet søndag 29. mai

Den årlege felles avslutninga for alle søndagsskulane blir i år søndag 29. mai.

Program:

Familiegudsteneste kl. 11.00.

Song av Hjellvik barnegospel

Kl. 13.00. Felles leikar ute.

Kl. 14.00 Avslutning med songstund for store og små.

Alle er hjartelig velkomne.

KL. 12.00: Matpause med medbrakt mat. Sal av kaffi, brus, is og hot dog.

Arr. Osterøy søndagsskulelag

Grannefolk

Konsert i Hamre kyrkje, Osterøy, 2. pinsedag, 16/5-2005 kl. 15

To norske og to svenske musikarar - kvar for seg og i samspel.



Håkon Høgemo, hardingfele.

Høgemo kjem frå Årdal i Sogn, og bur no på Osterøy.

Han vann landskappleiken i spel hardingfele klasse A i 1989 og 1995. Speler i fleire grupper: Bufaste tonar, Slåttetrioen og UTLA.

Høgemo underviser på Norges Musikkhøgskole og på Ole Bull Akademiet.

CD-utgjevingar:

Å fela ho let '88, Mellom vener '88, UTLA '92 (nominert til Spelemannsprisen), Juv '93, Bufaste tonar '94, Brodd '95, Dans '99, Solo '00 (vinnar av Spelemannsprisen), Maryland '01 og Femstein '04.



Hans Kennemark, fele og bratsj.

Fiolspelman och trubadur. Spelar solo eller med grupperna Tritonus och Bäsk (tidigare även Forsmark tre). Gör program för alla åldrar tillsammans med Lasse Dahlberg. Arbetar även som kompositör/arrangör och pedagog: låtspel på fiol, kör och ensemble. Riksspelman på västgötalåtar 1985. Musiker på heltid.



Linda Røyseth, kveding.

Røyseth kjem frå Meland. Ho har gått på høgskulen i Telemark og teke storfag i folkemusikk, og ho har teke Kvedarskulen på Ole Bull Akademiet.

No studerer ho etnomusikologi på Griegakademiet, og forskar på sjølvforståinga hos profesjonelle utøvarar av folkemusikk.

Ho har vunne landskappleiken i klasse C (12-18 år) tre gonger, og fått fjerdeplass i klasse A i 2003 og 2004.

CD-utgjevingar: CD-ar til boka "Folkesongar i Hordaland" i 1988, Ro, ro til Siraland 1999.



Jonas Simonsson, fløyte.

Simonsson speler i gruppene Bäsk, Groupa og Den Fule.

Han er leiar for utdanninga i verds-musikk på Göteborgs universitet.

Tilskipar er Hamre 1000-års-stad-komiteen, med stønad frå Osterøy kommune.
Billettar kr 100/50.

Klokka 11 denne dagen er det gudsteneste i Hamre kyrkje,
kl. 12.30 speler Hamre/Hjellvik musikklag ute
og kl. 13 er det opning av kulturdagane på Osterøy.

Korleis er det å vera

Det er ikkje vanskeleg å merka at konfirmanttida set spor etter seg. Det ser me kanskje særleg når 50-års konfirmantane møtest, det er mange minne som knyter seg til denne tida som er starten og inngangsporten til ungdomstida.

Men mykje har endra seg gjennom desse åra, ikkje minst dei siste ti-åra og det har også oppleget til konfirmantane. Me tenkjer annleis ikkje minst når det gjeld korleis ein lærer og tileignar seg kunnskap. Det å få sjølv vera delaktig i det som skjer, gir ei heilt anna oppleveling og erfaring og læring enn det å berre vera passiv tilhøyrar.

I Haus har dei 15 konfirmantane dette året fått delta under gudstenestene etter turnus som ministrantar. Dei har då teke del både ved dåp og nattverd, vore tekstlesarar og kyrkjevertar.

I tillegg til dei ordinære undervisningstimane har

konfirmantane elles vore delt i grupper der dei har fått vore med i misjonsgruppe der det spesielt har vore fokus på kva misjon er og kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Desse samlingane har vore i prestegarden. Det har og vore heimegrupper kvart halvår to gonger.

Konfirmantane har og fått vore medhjelparar på Y-klubben på Votlo, dåpsskulen, søndagsskulen og mini-Z i kyrkjelydshuset.

I frå i haust har det og vore arrangert laurdagskule i kyrkjelydshuset to gonger i halvåret saman med konfirmantane frå Bruvik og Gjerstad. Dette har vore eit samarbeid mellom sokneprest Johannes Melve og kateket Mia Krøger.

Konfirmantane har og hatt eit spesielt ansvar for lysmassa før jul med lysprosesjon, tekstlesing og misjonsinnslag og på fastegudstenesta på oskeonsdag med tekstlesing, rollespel og song.

Vi har spurt to av konfirmantane korleis dei har opplevd dette året som konfirmant:

Amalie Orvedal Pedersen og Jannicke Vatle Hernar

Fortel litt om oppleget og dei ulike aktivitetane.

- Vi har fått vore med på vanleg klasseundervisning, laurdagskule med undervisning og gruppearbeid. På laurdagsskulen fekk vi middag og var saman med konfirmantane frå Gjerstad og Bruvik. Ellers har vi vore med i misjonsgruppe og gudstenestegruppe. Vi har og vore med som medhjelparar på Y-klubben på Votlo. Dei andre konfirmantane har vore med i anna barne- og ungdomsarbeid.

Kva aktivitet har vore kjekt?

Amalie og Jannicke er samstemte:

- Heimegruppene.

Amalie føyar til:

- Få vera med å lesa på gudstenestene og fortelja om Gud.

Kvífor var det kjekt å vera med på heimegruppene?

Dei blir ivrige og kappast om å koma til orde:


- Vi har fått god forklaring på dei tema vi har hatt oppe. Vi kunne snakka om alt. Det var godt sosialt samvær. Vi følte oss velkomne i heimen og fekk god mat. Det var kjekt å snakka med dei vaksne som leia gruppene.

Er det noko spesielt de vil nemna frå konfirmasjonstida?

Igjen tek begge til orde: - Konfirmant- weekenden, då var vi ilag med dei andre konfirmantane frå Osterøy. Det var og veldig kjekt å vera i lag med konfirmantane frå Bruvik og Gjerstad på laurdagskulen.



konfirmant i 2005?



Amalie føyer til:

- *Få vera med på familiemesse i lag med 6-åringane og sjå kor glade dei vart då dei fekk boka si.*

Har de forslag til andre aktivitetar/grupper?

Jannicke:

- *Konfirmasjonstida har teke mykje tid. Det har i grunnen vore nok.*

Amalie:

- *Det har vore mykje organisering for å få med seg alt, men eg skulle likevel ønskja at det hadde vore ein weekend til, men det hadde vel vorte for dyrt? Eg likar forresten å ha mykje å gjera.*

Tusen takk skal de ha for at de tok dykk tid til å svara på spørsmåla våre.

Ei stor takk til heile konfirmantkullet for det positive engasjementet de har vist både i gruppene som de har vore med i og ikkje minst på gudstenestene. Det har kome mange gode tilbakemeldingar frå kyrkjelyden som viser at dei har sett stor pris på dykk og det har vore både gledeleg og inspirerande at de har delteke så aktivt på gudstenestene.

Marit Skjeldal
Madli Hannisdal



Kva er dåpsskulen?

Dei to siste åra har alle 6-åringar i Haus og Bruvik sokn vorte inviterte til å vere med på dåpsskule.

Skuleåret 2003/2004 var også Gjerstad sokn med.

I dåpsskulen får foreldra eit fint høve til hjelpe i å oppseda borna i den trua dei er døypte til, borna får oppleve eit fellesskap med andre born og vksne gjennom 7-8 samlingar.


I kvar samling er desse elementa med: sjå, høyre, gjere og smake. Kvar samling har aktivitetar knytta til desse fire stikkorda, og det er eit fast mønster i samlingane, slik at borna skal kjenne igjen opplegget frå gong til gong.

Borna blir kjende med gjennomgangsfigurar i ei bok; 3 born som nett har byrja på skulen, og opplever glede, sorger og vennskap. Det sentrale er borna sitt møte med kyrkja, gudstenesta og bibelforteljingane.

Målet er at 6-åringane skal bli kjend med Gud og få tiltru til han.

Forteljinga i boka følgjer rytmen i kyrkjeartet og fokuserer på høgtidene jul, påske og pinse.

Borna blir også presentert for sakramenta dåp og nattverd.



Dåpsskulen blir avslutta med familiemesse i kyrkja og utdeling av boka «Tre i eitt tre» til borna.

Vi vaksne som har vore leiarar, har hatt fine og gjevande stunder

i lag med 6-åringane, og foreldra og borna som har delteke, har gitt tilbakemeldinga: dåpsskule er kjekt!

Audhild Myklebust Torp

2. pinsedag på Hamre

2. pinsedag på Hamre har vorten ein tradisjon. Nokre gudstenester er felles for alle sokna. 2. pinsedag på Hamre har vore gode høgtidsdagar. I år samlast me på nytt til felles gudsteneste, og seinare på dagen vert det konsert som det står om annan stad i bladet.

40-årsjubileum på Raknestunet

Etter andre verdskriga bygde dei kristne organisasjonane ut barne- og ungdomsarbeidet sitt. Det vart skipa sommarleirar rundt omkring i bedehus og på skular. Det melde seg snart ein trøng for eigne hus til dette arbeidet. Nordhordland Indremisjon tok til å sjå seg om etter ein høveleg leirstad.

Så kom tilbodet frå Nils Brakestad og kona på Raknes om nokre mål av garden deira til dette føremålet. Indremisjonen takka ja, og den 22. august 1965 vart Raknestunet vigsla.

Knapt 40 år seinare, den 16. april 2005, fylte om lag 300 menneske møtesalane på Tunet til jubileumssamver. Det vart eit rikt program som viste heile breidda i arbeidet desse 40 åra i ord, tonar og bilet. Talaren på vigslingsfesten i 1965, Gotfred

Eriksen, var festtalar på jubileumsfesten og. Kåre Hellem, som i mange år la ned eit stort arbeid på Tunet, tok festlyden med på eit attersyn, illustrert med bilet på to skjermar for at alle skulle få sjå. Det var song og samtalar med gamle og unge i ei fin avstemt blanding av skjemt og alvor som held på merksemda hjå den store forsamlinga så mest ingen gjekk før det 4-5 timer lange programmet var slutt. Men så var det og lagd inn ein times pause med lapskaus og saft og så kaffi og marsipankake til dessert. Sanneleg noko for ein kvar smak.

Helsingar høyrer og med til eit jubileum, og ordførar Kari Åkre møtte opp med både blomar og ei gåve frå kommunen.

I jubileumsåret er Raknestunet ein topp moderne leirstad med

lokalitetar som og vert leigde ut til bryllaup, årmålsdagar og kurs.


Skal me snakka om ein tråd i det rikhaldige programmet, måtte det vera denne: Glede og takksemad over at Guds ord har vorte sådd i mange tusen barnesinn i desse 40 åra, og det har ført til ein avgjort livskurs for mange; eit liv i følgje med Jesus. Dette var og Gullborg og Nils Brakestad sitt store ynskje då dei gav tomtten til indremisjonen for over 40 år sidan.

Gunnvor Fyllingsnes og Asle Hetlebakken losa oss gjennom jubileumskvelden med stø hand.

Øyvind Vevle



Noreg – vårt allfagre land



*Noreg, vårt Noreg, du allfagre land,
eg ser deg med snøkledde tindar.
Du stig frå den sundrivne, stormherja strand,
der havet vert vogga av vindar.
Eg ser dine sjøar og skogar og fjell.
Du lysnar mot daggry og myrknar mot kveld.*

*Noreg, vårt Noreg, vårt heimland i nord,
her fedrane bygde og ruppe.
Her høyrdie dei himmelens heilage ord,
og sæle på Kvitekrist trudde.
Dei onna og yrka til soli gjekk ned.
I tru og i von gjekk dei herfrå i fred.*

*Noreg, vårt Noreg, du allfagre land,
me takkar vår Gud for den gåva.
Den skatten er større enn ana me kan.
Me difor vil skaparen lova.
I Noreg, vårt land, vil me byggja og bu,
og sistpå gå herfrå i sigrande tru.*

Trygve Bjørkrheim

(frå boka "Eg lyfter augo mine")